

Får utbetra steinbryggje

02.10.2009

Kommunen har godkjent utbetring av ei eksisterande steinbryggje i Uskedalen. Ove Fausk, Husnes, er søker.

Men eit av vilkåra er at det sendast søknad til Kystverket og at løyve frå dette ligg føre før arbeidet kan setjast i gong.

Ein nabo må også varslast og kvittering sendast inn til kommunen.

Og sidan bryggja kjem over grensa til ein annan grunneigar må det føreliggja ein avtale mellom partane om dette.

Andre naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre merknadar.

Det vart gjeve løyve til naust og kai på eigedommen i 2001.